



Anggellink fanga an
Govil Saetre
Fotograf Govil Saetre



NYFØDD

A new adventure

Livets store gleder!

Å vente born er ei fantastisk kjensle, med både spenning og nyskjerrigheit, og vipps så er de i ei ny epoke av livet.

Bevar minna om det bitte lille gullet med flott bilete som de kan sjå tilbake på.

Eg tilbyr nyføddfotografering heime hos dykk, som gjev eit intimt og heilt personleg preg på bileta dykkar, og de vil få ei blanding av dokumentar og meir tradisjonelle nyføddbilete.

Til nyføddfotografering set eg av ca. 3 timar.

Då har vi god tid til både mat, kos, soving... og fotografering.

3000,-



BARNE FOTOGRAFERING

Little Cheeky Monkeys

Dei veks så fort, og personlegheita stråler.
Dei finaste bileta vert til i mer naturlege settingar
som til dømes ute, men om vêret ikkje tillet det
har eg også eit studio vi kan leike oss i.
Det vilktigaste er at vi har det kjekt.

Eg lovar de skal få mange flotte bilete de kan kose dykk med
når lille gull veks til og veks dykk over hovudet.

1500,-

KONFIRMANT FOTOGRAFERING

Forever young

På veg til å bli vaksen,
ven, vakker og klar for nye eventyr.

Eg anbefaler alltid å ta konfirmantfotograferinga ein annan dag
enn sjølve konfirmasjonsdagen om det let seg gjere.

Då har vi betre tid og meir fokus til å ta dei flotte bileta,
og ein kan ta fleire skift slik at ein får flotte bilete i både finstas
meir kvardagslege eller kule ungdomsklede.

Eg har fokus på dei gode augneblinka,
slik at de får flotte bilete å sjå tilbake på.

1 time

1500,-





EIN DAG I LIVET

my little everything

Ein Dag i Livet- fotograferinga er eit konsept eg starta med i 2018, og passar perfekt for dei som likar situasjonsbilete saman med dei ein er glad i. Besteforeldre som er ute og leikar med barn og barnebarn og ein småbarnsfamilie i full action. Om det er minstemann som supermann i pysj, Elvis-sveis i badekaret fullt av bobler, eller kanskje den gode nattetunda. Det er augneblinka som tel.

Få ein heil dag dokumentert så du kan nyte nuet, og alle augneblinka.

7 timar

7000,-

LURT Å TENKJE PÅ

Let's have some fun

Senk skuldrane, slapp av og ha det gøy!
Før de veit ordet av det er de reine fotomodellane.
Men det er nokre ting ein kanskje kan tenkje på,
spesielt med tanke på dei minste modellane.

Med små ungar er det lurt å legge fotograferinga til ei tid på dagen
der dei er mest opplagt, sidan det er dei som er sjef.

Elles likar eg å ta litt tid til å bli kjent med dei,
og dei kan bli kjent med meg.

Nokre born treng å vite kva som skal skje, og då kan det vere lurt
og fortelje litt,men ikkje lag så mykje styr, de kan jo godt fortelje at
de skal på besøk til megog at eg likar å ta bilete.



KLEDE

Picture Perfect

Mange lurer på kva klede dei skal ha med til fotografering. Det viktigaste er at de har klede som de sjølv føler dykk vel i.

Men det er eit par ting de kan tenkje på:
Til gruppe bilete er det finast at de er litt samkøyrde med tanke på stil og fargar, unngå plagg med mange forskjellige mønster. Jordfargar gjer seg ofte fint på bilete, og er ganske tidlause.

Men som sagt:

Det viktigaste er at de er dykk sjølv og vel klede de likar og kjenner dykk att i; det er augneblinka og minna som tel!





ETTER FOTOGRAFERINGA

Show it off

Ca. 2 veker etter fotografering set vi opp ein visningstime, der vi ser kva de ønskjer med tanke på etterbestillingar. De vil i førkant få ei pdf fil som fortel litt meir om visningstimen og div. prisar.

Filer er ikkje inkludert i fotograferinga hos meg. Bileta gjer seg alltid best på print, og eg hjelper gjerne med både bilete til vegg og album. Eg brukar profesjonelle leverandørar som garanterer kvalitet slik at bileta held seg fine og at fargane er rett.

Skulle du likevel ønskje filer kan dei kjøpast utanom.

LITT OM KORLEIS EG JOBBAR

Let me show you my world

Som fotograf ønskjer eg friheit til å bruke bileta til markedsføring som t.d. nettside, instagram og facebook, då eg lever av å få vist fram bileta mine. Men skulle de av ein eller anna grunn ikkje ønskje dette, tek vi oss ein prat og finn ei løysing som passar alle.

Det vil bli sendt ut kontrakt for bruk av bilete.

Personopplysningar

Personopplysningane eg treng for å drive, vert kun brukt til fakturering, og vert behandla av Fotograf Gøril Sætre, fakturaprogram og reknskapsførar. Desse opplysningane må eg behalde i 10 år etter bok-føringslova, ta gjerne kontakt om det skulle vere noko.



BETALINGER

Sorry for the inconvenience

Fotografering vil bli fakturert rett etter at den er gjennomført.

Ver merksam på at ved kjøp av filer,
vil ingen filer vere tilgjengeleg før betalinga er bekrefta.

Når det gjeld etterbestillingar tilbyr eg nå delbetaling på bestillinger over 5000,-. Halve beløpet vil bli fakturert ved bestilling, der etter kan ein få tilbod på delbetaling av resterande beløp.



info@goerilsaetre | sognfjordvegen 580, 5961 Brekke | +47 90544316

Augneblink fanga av
Goeril Saetre
Fotograf Goeril Saetre

